

No kan du få hjelp mot bakglatte ski!

03.01.2018



Oddmund Soldal tilbyr preparering av ski. Her siklar han av overflødig glider.

Dei fleste av oss har nok opplevd at bakglatte ski har gjort det som kunne blitt fine skiopplevingar til mareritt. Andre gonger har elendig glid øydelagt rennet eller skituren. No tilbyr Oddmund Soldal i Korsnes hjelp med prepareringa av skia slik at fleire skal få oppleva dei gode opplevingane med ski på beina.



Ved hjelp at tape er han nøye med å skilja festesone og glidesone når han legg på glider.

Oddmund Soldal kom inn i skimiljøet som ung talentfull langrensløpar i Øystese for nokre tiår sidan. Alt då såg

han kor viktig prepareringa av skia var, og han fortel at far hans var ein flink smørjar på den tida. Etter det har interessa for skipreparering fulgt han, og han har vore på ein god del kurs innan for dette fagområdet. Han har m.a. vore til Drammen på kurs med Ole Einar Bjørndalen sin tidlegare smørjar.

- Mest har eg vel lært av Trygve Turtveit, smørjar i Team Veidekke Vest, seier Oddmund som er så interessert i skipreparering at då NM på ski vart arrangert på Voss i 2012, reiste han dit. Der fekk han vera i smørjebuene på arenaen, og han saug til seg kunnskap og erfaring frå dei dyktige smørjarane der. I tillegg til kunnskapen har han også tileigna seg mykje utstyr og hjelpemiddel for at resultatet skal verta så godt som mogeleg.



Han går han over og børstar med ein spesiell handbørste.



Deretter børstar og polerer han med drillbørste.

No går Oddmund Soldal ut og tilbyr å hjelpa andre med kompetansen han har bygt opp. Han gjer ikkje det for å tena store pengar, men han har lyst å hjelpa. Han har sett mange som har vore opprårde på grunn av dårlege ski både på turar og i konkurransar.

- Eg har sett ungar som har stilt i sin første konkurranse som dei har gledd seg til, med bakglatte ski som har gitt dei ein frykteleg nedtur slik at dei fall frå. For turløparar har dårlege ski gitt slitsomme dagar i staden for gode ski- og naturopplevingar, seier han og legg til at det er svært viktig at skia vert preparert også for turgåarar. I tillegg til preparering av konkurranseski tilbyr Soldal preparering i samband med trening og tur- /markagåing. I samband med turgåing nemner han også at ski med integrerte feller er på full fart inn, og desse må også reinsast og preparerast. Dessutan preparerer han også slalomski.



På ski med integrerte feller treng fellene reinsast og glidesonene preparerast. Her ser vi to ulike typar ski, og middel til denne behandlinga på den eine skia.

Prepareringa er ein heila prosess, og det er mykje å hugsa på for eit vellukka resultat.

- Først vaskar Oddmund sålen rein. Han brukar ulike reinsemiddel på glidsone og festesone.
- Sålen må tørka godt ut, og strukturen vert friska opp att.
- Det vert lagt på ny glider i opptil 3 oppvarmingar slik at sålen vert metta. Mellom kvar oppvarming er det viktig med nedkjøling.
- Overflødig glider vert sikla vekk før handbørsting og drillbørsting.
- Skia er no klare til å leggja på smørjing avhengig av snø- og føreforhold.
- På ski med kantar tar han også kantsliping.

Etter å ha fulgt Oddmund medan han preparerte eit par ski, er det tydeleg at han har full kontroll på alle operasjonar. Han er også svært nøye med utstyret han brukar. Eg er overtydd om at denne prepareinga kan gje mange mykje betre skiopplevingar. Når ein kjem til Oddmund med ski til behandling, vil ein også få mange gode ski- og smørjeråd med på vegen. For dei som ønskjer å nytta dette gode tilbudet, nemner vi at Oddmund Soldal er å treffa på telefon **951 31 716**.



Soldal utfører også kantslip på ski med kantar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland